



Total Kontroll AS  
Litleåsvegen 51  
5132 NYBORG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/397 - 18/3969

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
13.03.2018

## Byggesak gbnr 45/33 Manger - riving våningshus - arkivert utan vidare handsaming

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om riving av våningshus den 19.02.18.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at den kan handsamast.

- Søknaden er ikkje signert, jf. pbl. § 21-2.
- Det er uklart kven som er ansvarleg søker for tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og § 23-1.
- Det er ikkje vedlagt lovpålagt gjennomføringsplan, jf. SAK § 5-3.
- Det er ikkje vedlagt erklæringar om ansvarsrett, jf. pbl. § 21-2 og §§ 23-1 og 23-3.
- Det er ikkje vedlagt situasjonskart som viser kva bygg på eigedomen som skal rivast.

Søknaden vert **arkivert utan vidare handsaming**.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Øystein Hafnor Kolstad

Radøyvegen 1616

5936

MANGER

**Mottakarar:**

Total Kontroll AS

Litleåsvegen 51

5132

NYBORG